

Vaksne i døgnbehandling

Halvparten av innbyggerane i Noreg vil oppleve å få ei psykisk lidning i løpet av livet. Psykiske sjukdommar rammar i stor grad den yngre del av innbyggerane, og angst og depresjon er dei hyppigaste tilstandane. Ruslidningar førekjem hyppig, også saman med andre psykiske lidningar. Psykoselidningar er forholdsvis sjeldne (1-3,5 %). Nokre tilstandar har svært god prognose, mens andre kan gi meir kroniske lidningar. Psykiske lidningar- og åtferdsforstyringar utgjer med 36 % den største gruppa av dei uføretrygda.

Utval og definisjonar

Vaksne mellom 18 og 64 år, som i 2014–2018 hadde minst eit døgnopphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar er inkludert.

Døgnopphald er definert som opphald på meir enn null døgn i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar. Døgnopphald med mindre enn åtte timar mellom utskrivning og ny innskriving er slått saman. Opphald lengre enn 365 dagar er ekskludert. Årsratane er registrert på året pasienten blei utskreven.

Buområde	Tal pasientar	Tal opphald	Døgn per opphald
Diakonhjemmet	543	838	32,3
Telemark	1 072	1 893	30,6
Innlandet	2 065	3 525	30,4
OUS	1 310	67 601	30,2
Vestfold	1 143	1 928	28,8
Stavanger	1 916	3 574	28,5
Vestre Viken	2 220	3 774	28,3
Lovisenberg	1 156	1 938	27,3
Bergen	2 397	4 449	27,0
Ahus	2 373	3 946	26,5
Helgeland	418	684	25,9
Nordland	863	1 508	25,2
Førde	483	937	25,2
Østfold	1 724	2 891	24,9
Nord-Trøndelag	651	1 158	24,3
Møre og Romsdal	1 393	2 700	24,2
Sørlandet	1 786	3 419	23,6
Fonna	951	1 971	23,5
Finnmark	604	1 158	22,9
St. Olavs	1 699	3 315	22,3
UNN	1 214	2 956	18,5
Noreg	27 685	50 800	26,2


Døgnbehandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar. Tal pasientar, tal opphald og døgn per opphald fordelt på buområde og landet. Tala representerer gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018).

Resultat

Kvart år hadde 27 700 vaksne døgnopphald i psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling, til saman 50 800 opphald per år i Noreg.

Pasientraten varierte i buområda frå 6 til 13 vaksne i døgnbehandling per 1 000 innbyggerar per år. Opphaldsraten varierte i buområda frå 9 til 25 døgnopphald per 1 000 innbyggerar, med 16 som gjennomsnittleg årsrate.

Opphald for vaksne varte i gjennomsnitt 26 døgn, og varierte mellom buområda frå 19 til 32 døgn per opphald.



Kjelde: NPR/SSB

Opphaldsraten for døgnbehandling for vaksne (18-64 år) i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidningar: Tal døgnopphald per 1 000 innbyggerar, fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdiar per år (2014-2018) og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for alder og kjønn.

Kommentar

Pasientar i døgnbehandling er ei langt mindre gruppe enn pasientar i poliklinisk behandling. Det er likevel ein merkbar variasjon med nær tre gonger fleire døgnopphald per 1 000 innbyggerar i buområda med høgast rate enn i buområde med lågast.

Det er ein tendens til større bruk av døgnopphald i nord, med låg poliklinisk kontaktrate og mange korte døgnopphald i enkelte buområde. I hovudstodområdet ser ein derimot få lange døgnopphald og høg poliklinisk kontaktrate. Variasjonen i døgnbehandling for vaksne er uønska.